



Skjærgårdsfisk AS
Lingalaks AS
Lingavegen 206
5630 STRANDEBARM

Dato: 06.06.2014
Vår ref.: 2014/14183-14
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 55 23 91 04

H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS org. nr. 938124426 og H-KM-5, H-KM-22 og H-R-18 Lingalaks AS org. nr. 960900626 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune

Vi syner til Dykkar søknad av 19.03.2014.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Skjærgårdsfisk AS org. nr. 938124426 med akvakulturløyva H-R-1 og H-R-17, og Lingalaks AS org. nr. 960900626 med akvakulturløyva H-R-18, H-KM-5 og H-KM-22, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Radøy kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitets-biomasse	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84	Samlokalisering
11665	Jibbersholmane	Radøy	2840 tonn	60° 45.152 N 04° 53.077 E	H-R-1, H-R-17, H-R-18, H-KM-5 og H-KM-22

Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferansar oppgeve i Euref-89/WGS84

1	2	3	4	5	6
60° 45.148' N 4° 53.322' E	60° 45.055' N 4° 53.211' E	60° 45.026' N 4° 53.106' E	60° 45.032' N 4° 53.074' E	60° 45.162' N 4° 52.808' E	60° 45.255' N 4° 52.920' E

Lokalitet 11665 Jibbersholmane er godkjent for løyva H-R-1, H-R-17, H-R-18, H-KM-5 og H-KM-22. Kvar av løyva H-R-1, H-R-18, H-KM-5 og H-KM-22 omfattar ei maksimal tillaten biomasse på 780 tonn. Løyve H-R-17 er eit visningsløyve med maksimal tillaten biomasse på 500 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Dette løyvet erstattar tidlegare lokalitetsklarering for 11665 Jibbersholmane av 11.04.2014.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Grunngjeving

Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS søkte 19.03.2014 om endra areal for anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 11665 Jibbersholmene i Radøy kommune.

Lokalitet 11665 Jibbersholmene vart siste gong klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 2840 tonn den 11.01.2011, samt for endring i akvakulturløyve på lokaliteten den 11.04.2014. Løyve er gjeve til eit anlegg som består av rammefortøyning med plass til 8 merdar som er 120 meter i omkrets, samt ein fôringsflåte. Noverande merdanlegg er klarert for omlag 44 dekar overflate areal.

Skjærgårdsfisk AS/Lingalaks AS søker no om å få klarert areal for utlegging av eit nytt anlegg. Det nye anlegget vil bestå av 8 merdar med ein omkrets på 160 meter. Auka storleik på plastringane krev også større fortøyningsramme. Omsøkt endring inneber at anlegget framleis vil innehalde to rekker, men rammene som ringane er festa i vil auke i storleik slik at kvar ring kjem lenger frå kvarandre. På grunn av dette vil samla overflate areal auke til omlag 80 dekar. Meste delen av omsøkt nytt areal vil kome mot nordvest. Anlegget må dreiest noko mot nordvest for å få nok djupne under merdane til ny teknologi for nedlodding av not. Større ramme og dreining av anlegget medfører og at det vert endringar i fortøyningsarrangementet.

Merdanlegget, forflåten og mesteparten av fortøyningsarrangementet ligg i Radøy kommune, medan fem fortøyningar/ankerfeste mot nordaust og ei fortøyning ankerfeste mot nordvest ligg i Austrheim kommune. Søknaden vart og send på høyring til Austrheim kommune.

Posisjonen for fôrflåten vert ikkje endra frå noverande situasjon. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasiteten.

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentleg innsyn i Radøy kommune. Det kom ikkje inn lokale merknader til søknaden.

Radøy kommune har kome med slik uttale den 06.05.2014:

"Søknaden er lagt ut til ettersyn på Rådhuset og annonsert i avisa Strilen og Nordhordland avis og i Norsk lysingsblad samt lagt på kommunen sine heimesider. Frist for å komme med merknadar vart sett til 1.mai 2014, og dei merknadane som er komme inn innan fristen er lagt ved dette brevet". Lokaliteten ligg i godkjent akvakulturområde i kommuneplanen.

Austrheim kommune har kome med slik uttale den 03.06.2014. « *Austrheim kommune gjev dispensasjon på vilkår frå kommuneplanen sin arealdel i sjø for omsøkt tiltak på oppdrettsanlegg med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmene. Vilkåra er at omsøkt tiltak i FFNF-området ikkje må koma i strid med planane for ilandføring av Johan Sverdrup oljeleidning til Mongstad*».

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 08.04.2014. Med heimel i havne- og farvannslova § 27 andre ledd, jf. 27 første ledd vert det gjeve løyve til utviding og justert plassering av anlegg for oppdrett av matfisk på lokalitet 11665 Jibbersholmene i Radøy og Austrheim kommune i samsvar med vedlagte kart og oppgjevne hjørneposisjonar for anlegget si plassering.

Anlegget er lokalisert i nordre del av Hoplandsosen kor sjøområdet er definert som bilei 2270 Hoplandsosen. Av viktige navigasjonsinstallasjonar finn ein Vardeholmen fyrlykt nordaust for lokaliteten og i sør Fosnosen fyrlykt. Anlegget vil ikkje ligge konfliktfylt til i forhold til navigasjonssignal frå lyktene. Ei utviding og justert plassering av anlegget vil medføre at farleia sitt areal vert redusert slik at seglingsløpet for passerande farty vert smalare. Etter Kystverket si vurdering er ikkje dette så omfattande at det vil utgjere noko vesentleg hinder for vanleg skipstrafikk i området.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 05.05.2014. Fylkesmannen i Hordaland har ingen merknad til søknaden. Tiltaket inneber inga endring for vurdering etter forureiningslova, og utseppsløyvet frå 22.09.2010 blir vidareført.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 26.05.2014. Fiskeridirektoratet Region Vest har vurdert søknaden i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd, og kan ikkje sjå at søknaden kjem nemneverdig i konflikt med utøving av fiske og kan soleis gå inn for endring av arealbruk i samsvar med søknaden.

Søknaden er handsama av Mattilsynet DK Bergen og omland 06.06.2014. I medhald av § 5 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet DK Bergen og omland løyve til endring av arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11665 Jibbersholmene i Radøy kommune, som omsøkt.

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 - 3. *annen bruk av området, og*
 - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
 - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
 - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
 - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
- d) *det ikke er i strid med*
 - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*
 - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
 - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifta.

Austrheim kommune har gjeve dispensasjon frå arealplanen for 6 fortøyningar med ankerfeste med vilkår om at desse ikkje må koma i strid med planane for ilandføring av Johan Sverdrup oljeleidning til Mongstad. Det ligg fortøyningar i det same område frå det eksisterande anlegget på lokaliteten. Omsøkt tiltak vil soleis ikkje vera bruk av nytt areal, men endra plassering av fortøyningar og ankerfeste. Vilkåret frå Austrheim kommune er ivareteke ved at det er avhalde dialogmøte mellom oppdrettsverksemda, Statoil, Austrheim kommune og Hordaland fylkeskommune. Planlagd trase for oljeleidningen vil truleg gå under nokre av fortøyningane frå oppdrettsanlegget. Partane var samde om at dei skal halde god dialog vidare inn mot anleggsarbeidet for oljeleidningen. På den måten kan Statoil planleggje legginga av oljeleidningen i eit tidsrom kor oppdrettsanlegget er tomt for fisk.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 føljt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at

kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet.

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Skjærgårdsfisk AS org. nr. 938124426 med akvakulturløyva H-R-1 og H-R-17, og Lingalaks AS org. nr. 960900626 med akvakulturløyva H-R-18, H-KM-5 og H-KM-22, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogaure (*Oncorhynchus mykiss*) med ein maksimal tillaten lokalitetsbiomasse på 2840 tonn på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 5.5.2014 og 22.9.2010, Mattilsynet, DK Bergen og omland 6.6.2014 og Kystverket Vest 8.4.2014, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet, DK Bergen og omland
Kystverket Vest
Austrheim kommune
Radøy kommune

H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS

H-R-18, H-KM-5 og H-KM-22 Lingalaks AS

Lokalitet 11665 Jibbersholmene




Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen


Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonnr. [xxxx xx xxxxxx]

11665 Jibbersholmane - Klarerte ytterpunkt



Målestokk: 1:10 000



Time	GPS position fortoyning
1	60.45.339 N 4.52.676 Ø
2	60.45.389 N 4.53.045 Ø
6	60.45.244 N 4.53.463 Ø
7	60.45.091 N 4.53.686 Ø
14	60.44.956 N 4.53.555 Ø
15	60.44.966 N 4.53.117 Ø
24	60.45.121 N 4.52.748 Ø
25	60.45.211 N 4.52.629 Ø

GPS position anleggs Hjørner	
NØ	60.45.151 N 4.53.313 Ø
SØ	60.45.058 N 4.53.200 Ø
SV	60.45.167 N 4.52.821 Ø
NV	60.45.260 N 4.52.932 Ø


GPS position anlegg midtpunkt	
MA	60.45.159 N 4.53.065 Ø
MF	60.45.035 N 4.53.088 Ø

GPS position flåte midtpunkt	
Titel/Name: General oversett	Arbeid/No: Skisessjon
Titel/Name: General oversett	Arbeid/No: Skisessjon

Informasjon	
Designert by: Norjark Akademikk	Dato: 06-09-2014
Dokumentert by: Norjark Akademikk	Skala: 1:20000
Prosjekt: Hordaland fylkeskommune, Norge	Lat. No.:
Avstiging for konstruksjonsenergi	Redigert & Dato: 11-06-03-2014
Morellfor Kartmuss AS	Side: 22

SYMBOLO

- Red square: Ramme: 100x100 m. (ny)
- Red rectangle: Piller (eks)
- Circle: 160 m flag
- Dashed line: Fortoyning line
- Double dashed line: Fortoyning line flåte
- Red dashed line: AK område (omsket 15-05-2010)
- Yellow dashed line: Yrkeamer (fiskerier.no)
- Green dashed line: Fiskeplasser - aktive (fiskerier.no)
- Purple dashed line: Nytt foretak: Aktivitet <http://hordaland.avn.no>



Internet
 Designet by: Nærliggende
 Drevet by: Nærliggende
Møreflot Kartsund AS
 Avdeling for konsulent tjenester

JIBBERSDALMÅNE
 Rødøy kommune, Norge
 Føroyngjøkøysveg
 LINDA LÅKS AS
 Arkivl No./Revisions
 06-01-2014 1:5800
 Løk. No.
 Eddelen & Døve
 L1:06-01-2014 Sheet
 1/2

Line	BR	GPS posisjon fortoyning
1	60 45 339 N	4 52 676 O
2	60 45 389 N	4 53 045 O
6	60 45 244 N	4 53 463 O
7	60 45 091 N	4 53 686 O
14	60 44 956 N	4 53 555 O
15	60 44 966 N	4 53 117 O
24	60 45 121 N	4 52 748 O
25	60 45 211 N	4 52 629 O
GPS posisjon anleggs bjørner		
NO	60 45 151 N	4 53 313 O
S0	60 45 058 N	4 53 200 O
SV	60 45 167 N	4 52 821 O
NV	60 45 260 N	4 52 932 O
GPS posisjon anleggs midtpunkt		
MA	60 45 159 N	4 53 065 O
GPS posisjon flåte midtpunkt		
MF	60 45 035 N	4 53 088 O

SYMBOL

- Ramme 100x100 m. (ty)
- Flåte (eks)
- 160 m ring
- Fortoyning line
- Fortoyning line flåte
- AK område (omskt 1545-2010)
- Yrkeskater (fiskerifl.no)
- Fiskeplåser - aktive (fiskerifl.no)
- Nytt farenett. Akvaskiltur
<http://hordaland.farenett.no>



(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) (2) Dato 06.06.2014
(3) Mottakar (namn og adresse) Skjærgårdsfisk AS Lingalaks AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet Postboks 185 Sentrum 5804 Bergen
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevjegrunngeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve